



SURNADAL KOMMUNE

# Plan for idrett og fysisk aktivitet 2023 - 2026



## Forord

Surnadal kommune skal vere ein god kommune å vekse opp i og bu i. For at kommunen skal vere attraktiv og framtidsretta, er det viktig å legge til rette for trivsel og gode levekår. Eitt av fleire verkemiddel er lett tilgjengelege gode idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftslivsanlegg. Denne planen er eit verktøy for at gode tiltak (anlegg) skal ha moglegheit til å få tilskot innanfor spelemiddelordninga. Samstundes som at vi skal ha nokre mål som går på kva for aktivitet og aktivitetsmål vi har for befolkninga. Den er òg ein grundig rapport på det som har skjedd i den siste planperioden, til slutt er den vår felles plan for kva vi som samfunn vil prioritere i den neste planperioden.

Formannskapet vedtok i møte 26.10.2021 å rullere temaplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet. Som leiar i arbeidsgruppa satt eg, Ole Joar Bruset som politisk valt leiar. Med meg har eg hatt leiar i Idrettsrådet, dagleg leiar i Surnadal Idrettslag, leiar i Surnadal jeger- og fiskerforening einingsleiar for kultur, har fungert som koordinator og sekretær i gruppa. Planen er dessverre forsinka mellom anna på grunn av langtidssjukemelding i administrasjonen.

Arbeidsgruppa har til saman hatt 3 møter. I tillegg vart det gjennomført eit folkemøte mandag 27.09.2022, der representantar frå Idrettskretsen informerte om spelemiddelordninga og leia ein planprosess. Saksbehandlarane har i tillegg vore i kontakt med alle laga som har hatt tiltak i den gamle planen som ikkje er gjennomfør, dermed den nye handlingplanen er oppdatert så godt som råd.

Arbeidsgruppa håpar at både politikarar og interesseorganisasjonar og enkeltpersonar finn planen enkel å lese i, som eit oppslagsverk. Vi meiner òg at den skal fungere som eit godt arbeidsreiskap for administrasjonen.

For arbeidsgruppa i september 2023

Ole Joar Bruset


Leiar

Planen sitt forhold til FN sine berekraftsmål				
<b>Økonomi</b>	 8 ANSTENDIG ARBEID OG ØKONOMISK VEKST  9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR  10 MINDRE ULIKHET  12 ANSVARLIG FORBRUK OG PRODUKSJON			Denne planen er eit viktig økonomisk verkty i samfunnsplanlegging med tanke på bygging av gode idrettsanlegg i kommunen.
<b>Sosiale forhold</b>	 1 FATTIGDOM  2 SULT  3 LIVSKVALITET  4 UTDANNING  5 MELLOM KJØNNENE  6 REIN VANN OG SANITÆRIFORHOLD  7 TIL ALLE  8 BYER OG LOKALSAMFUNN  9 OG VELFØREREGE INSTITUSJONER			Planen handlar mellom anna om gode og aktive møteplassar, men og sosiale treffpunkt rundt om i kommunen. Aktiviteten som det blir lagt til rette for er eit alfa og omega for folkehelsa, både den fysiske og den psykiske.
<b>Klima og miljø</b>	 6 REIN VANN OG SANITÆRIFORHOLD  13 KLIKAENDRINGENE  14 HAVET  15 LAND			Når ein bygger anlegg er det viktig at ein vurderer sine klimaavtrykk og tek dei mest berekraftige vala
<b>Samarbeid</b>	 17 SAMARBEIDI FOR Å NÅ MÅLEN			Denne planen er eit samarbeidsinstrument mellom dei tre forvaltningsnivåa våre og frivilligheita, ei symbiose som har fungert godt i mange år.

# Innhold

Innhold.....	2
Innleiing og bakgrunn for planen .....	4
1.1 Nasjonale føringar.....	5
1.2 Regionale føringar.....	9
1.3 Lokale føringar .....	10
Resultatvurdering av førre plan .....	12
2.1 Handlingsprogrammet for fysisk aktivitet.....	12
2.2 Leikeplassar og aktivitetsanlegg i nærmiljøa som har fått kommunal .....	15
2.3 Kulturbrygg i perioden.....	15
2.4 Handlingsprogrammet for ordinære anlegg .....	16
2.5 Ordinære anlegg uprioritert liste .....	17
2.6 Utbygging av nærmiljøanlegg i perioden 2018 – 2022 .....	18
Økonomisk resultatvurdering .....	18
3.1 Kommunale tilskot og spelemiddeltildelingar i planperioden.....	18
3.2 Økonomisk oversikt for perioden 2017 – 2023.....	19
3.3 Nærmiljøanlegg i perioden .....	20
3.4 Tildelte spelemidlar, ordinære- og nærmiljøanlegg i planperioden.....	20
3.5 Konklusjon .....	20
Planprosessen .....	21
Status og vurdering.....	21
4.1 Anleggsdekning/aktivitet .....	21
4.2 Status ordinære anlegg i kommunen fordelt innanfor dei forskjellige kategoriene.....	23
4.3 Kulturbrygg i Surnadal.....	33
Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov .....	35
5.1 Behov meldt inn til ny plan .....	35
5.2 Demografi.....	37
5.3 Aktivitetsarenaer .....	38
5.4 Langsiktige og kortsiktige behov oppsummert .....	38
Handlingsprogram .....	39
6.1 Ordinære anlegg i prioritert rekkefølge .....	39

6.2	Nærmiljøanlegg .....	40
6.3	Uprioritert liste over .....	40
	langsiktige behov for anlegg .....	40
6.4	Fysisk aktivitet.....	40
6.5	Kulturbrygg.....	41



## ANLEGG I SURNADAL

## «Staten har som mål å legge til rette for at flest mulig skal kunne utøve idrett og fysisk aktivitet»

*I det samfunnsmessige helseperspektivet er fysisk aktivitet og idrett eit viktig førebyggande tiltak. På det personlege planet gir fysisk aktivitet den enkelte positive opplevingar, betre helse og auka trivsel. Mange er svært aktive, men mange er også svært inaktive. Spriket i aktivitetsnivå i befolkninga ser ut til å tilta. I den samanhengen er det viktig at det offentlege engasjerer seg og har ei mening om korleis flest muleg kan bli meir fysisk aktive.*

## Formål med planen

Planen er meint å gi kommunen, fylkeskommunen og kulturdepartementet (KUD) ei reell oversikt over anleggsbehovet og bidra til å sikre ei anleggsutvikling i tråd med behova i kommunen. Den skal også bidra til å sikre eit betre grunnlag for å prioritere bruken av spelemidlane.

Ved sida av å vere eit styringsreiskap for politikarane skal planen brukast i administrasjonen sitt daglege arbeid med å fremje fysisk aktivitet.

## Innleiing og bakgrunn for planen

Planen skal innehalde eit fireårig prioritert handlingsprogram som kan framskrivast/reviderast kvart år i samsvar med framdrifta. Handlingsprogrammet blir rullert når det er behov for endring i prioriteringane i tabell: 6.1 Ordinære anlegg, tabell: 6.3 Uprioritert liste, eller tabell:6.5 Kulturygg.

Ei slik revidering kan skje i formannskapet. Plandokumentet skal vere uendra i 4-årsperioden. Feltet skal underleggjast ein hovudrevisjon med vedtak av ny plan kvar valperiode. Da må planen vedtakast i kommunestyret.

Plan for idrett og fysiske aktivitet skal bidra til:

- å vere grunnlag og bakgrunnsdokumentasjon for søknader om spelemidlar til idretts - og nærmiljø - og friluftslivsanlegg
- målstyrt utbygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og fysisk aktivitet.

Plan for idrett og fysisk aktivitet for Surnadal 2023 – 2026 vil erstatte tidlegare plan for Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Surnadal 2018 – 2021. Som det går fram av den nye tittelen vil ikkje friluftsliv bli ein del av denne planen, men få ei eiga plan slik statlege og regionale føringer legg opp til no.

# 1.1 Nasjonale føringer

Utforminga av staten sin politikk på feltet idrett og fysisk aktivitet er fordelt på to departement:  
Kulturdepartementet har ansvar for utforming av politikk på idrettsområdet.

Helse- og omsorgsdepartementet har ansvar for utforming av politikken for helsefremjande og førebyggande arbeid.

Mål og rammer for den statlege politikken blir formidla gjennom ulike meldingar, retningsliner, rundskriv, vilkår for tilskotsordninga m.v. I Stortingsmelding 26 (2011–2012), «*Den norske idrettsmodellen*» slår fast at staten gjennom idrettspolitikken har eit særleg ansvar for målgruppene barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år), personar med nedsett funksjonsevne og inaktive.

## Meld. St. 26 (2011–2012) - Den norske idrettsmodellen

«*Statens overordnede mål med idrettspolitikken kan sammenfattes i visjonen idrett og fysisk aktivitet for alle. Dette er en videreføring av tidligere mål.*

*Den viktigste forutsetningen for dette er økt satsing på anlegg for idrett og egenorganisert fysisk aktivitet, herunder friluftsliv. Regjeringen vil legge til rette for en videreutvikling av det beste ved den norske idrettsmodellen. Det innebærer at det skal være et aktivitetstilbud innenfor den organiserte idretten for alle, både de som ønsker å prestere på idrettsbanen og de som primært ønsker å være fysisk aktiv innenfor verdifulle sosiale fellesskap».*

[Meld.st.26 \(2011-2012\)](#).

## Meld. St. 18 (2015 – 2016) Friluftsliv; Natur som kilde til helse og livskvalitet

«*Regjeringen vil ta vare på friluftsliv som en levende og sentral del av norsk kulturarv og nasjonal identitet, og som en viktig kilde til høyere livskvalitet og bedre helse for alle».*

«*Hovedmålsettingen i friluftslivspolitikken er at en stor del av befolkningen driver jevnlig med friluftsliv. Regjeringen vil derfor at friluftsliv i nærmiljøet skal prioriteres i det offentlige friluftslivsarbeidet. Dette innebærer at friluftsliv i og ved byer og tettsteder skal prioriteres i tilskuddsordninger til friluftsliv, i sikring av friluftslivsområder og i friluftslivsarbeidet ellers. Kulturminner skal synliggjøres og formidles som opplevelsesverdi og motivasjonsfaktor i friluftsliv».*

[Meld.St.18\(2015-2016\)](#)

## Klima- og miljødepartementet; Handlingsplan for friluftsliv (2018)

«... Handlingsplanen er utarbeidet av alle departementene i fellesskap. Handlingsplanen viser, sammen med stortingsmeldingen om friluftsliv fra 2016, regjeringens viktigste prioriteringer og tiltak innenfor dette feltet i årene som kommer. ...)

[Klima- og miljødepartementet; Handlingsplan for friluftsliv \(2018\)](#)

## Friluftslivets ferdsselsårer

Friluftslivets ferdsselsårer er eit fleirårig prosjekt som er satt i gang av Klima- og miljødepartementet (KLD). Prosjektet starta i 2019. Prosjektet skal fremme kartfesting, planlegging, opparbeiding, og skilting og merking av samanhengande nettverk av ferdsselsårer for friluftsliv.

Møre og Romsdal fylke skriv på sine heimesider at: «Kommunar som følger ein plan for friluftslivets ferdsselsårer, vil bli prioritert i fordelinga av tilskot til friluftslivsanlegg».

[Plan for friluftslivets ferdsselsårer, veileder \(2019\)](#)

## Departementene; Sammen om aktive liv, Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029 (2020)

«Å være fysisk aktiv gir glede og mestring for mange, og det handler ofte om å gjøre noe sammen med andre. Fysisk aktivitet er samtidig nødvendig for å utvikle og opprettholde god helse og livskvalitet gjennom hele livet».

[Departementene; Sammen om aktive liv, Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029 \(2020\)](#)

## Universell utforming

I 2004 kom Regjeringa sin handlingsplan for auka tilgjengeleight for personar med nedsett funksjonsevne. Dette er følgd opp med «*Handlingsplan – Norge universelt utformet 2025*» (2009).

## Veileder - Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg (V-0511) 15.08.2014

«*Regjeringen presenterer sin visjon om at Norge skal være universelt utformet innen 2025 gjennom handlingsplanen Norge universelt utformet 2025. Dette er et overordnet dokument som er retningsgivende for tiltak også innenfor idrettsområdet.*

*Det foreligger også nye lover som gir føringer for utforming av anlegg, særlig Likestillings- og diskrimineringsloven som trådte i kraft fra 1. januar 2009, og ny Plan- og bygningslov med tilhørende forskrifter som trådte i kraft fra 1. juli 2010.*

*Veilederen gir praktiske råd for planlegging og bygging av idrettsanlegg for å følge opp regjeringens visjon og gjeldende lover».*

[Veileder – universell utforming](#)

## Folkehelserapporten

Anbefalinger for fysisk aktivitet og stillesitting

WHO kom med nye anbefalinger for stillesitting og fysisk aktivitet i 2020 (World Health Organization, 2020).

Helsedirektoratets råd om fysisk aktivitet og stillesitting fra 2022 baserer seg på WHO sine råd (Helsedirektoratet, 2022).

Rådene kan sammenfattas slik:

Barn og unge

Barn under 1 år bør være i bevegelse flere ganger om dagen og på ulike måter, gjerne gjennom samspill og lek.

For barn under 1 år bør tiden helt i ro i våken tilstand begrenses, tid foran skjerm frarådes.

Barn 1–5 år bør være allsidig fysisk aktive med varierte bevegelser, aktiviteter og lek i minst 180 minutter fordelt utover dagen.

Tiden barn 1–5 år sitter helt i ro eller fastspent i våken tilstand bør begrenses, skjermtid frarådes for 1-åringar.

Barn og unge 6–17 år bør være fysisk aktive i gjennomsnitt minst 60 minutter per dag i moderat til høy intensitet.

Barn og unge 6–17 år bør begrense tiden i ro, særlig passiv skjermtid på fritiden.

Voksne og eldre

Alle voksne og eldre bør være regelmessig fysisk aktive.

Voksne bør hver uke være fysisk aktive i minst 150 til 300 minutter med moderat intensitet, minst 75 til 150 minutter med høy intensitet eller en kombinasjon av moderat og høy intensitet.

Voksne over 65 år bør hver uke være fysisk aktive i minst 150 til 300 minutter med moderat intensitet, minst 75 til 150 minutter med høy intensitet eller en kombinasjon av moderat og høy intensitet.

Voksne og eldre over 65 år bør begrense stillesitting.

Voksne og eldre over 65 år bør kompensere for de negative effektene av mye stillesitting ved å være ekstra aktive den øvrige tiden.

Les dei fullstendige anbefalingane på [Helsedirektoratets nettsider](#).

## Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)

Del 6 nytt kapittel 23A:

*Utforming og drift av idrettsbaner der det brukes plastholdig løst fyllmateriale (...)*

*§ 23A-4.Krav til idrettsbaner*

*Utendørs idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes skal ha:*

*en fysisk barriere rundt idrettsbanen som hindrer at plastholdig løst fyllmateriale spres utenfor banen. Minst 20 centimeter av barrierens høyde, målt fra bakken, skal være tett,*

løsninger for håndtering av dreenvann og overvann som sikrer oppsamling av løst plastholdig fyllmateriale slik at dette ikke spres utenfor banen, og tiltak som hindrer at plastholdig løst fyllmateriale spres utenfor banen via brukere av banen eller via anleggsmaskiner og annet utstyr som brukes ved vedlikehold og snørydding av banen.

*Innendørs idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes skal ha*

løsninger for å hindre at plastholdig løst fyllmateriale havner i avløpsvannet, og tiltak som hindrer at plastholdig løst fyllmateriale spres utenfor banen via brukere av banen.

*Den ansvarlige for idrettsbanen skal sørge for at kravene i denne bestemmelsen oppfylles.*

**§ 23A-5. Informasjonsplikt**

*Den ansvarlige for idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes skal sørge for å informere brukerne av idrettsbanen om spredning av plastholdig løst fyllmateriale og tiltak for å redusere risikoen for slik spredning.*

**§ 23A-6. Rydding og deponering av snø**

*Den ansvarlige for idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes, skal sørge for at snø som ryddes av idrettsbanen, deponeres på eget område for snødeponering på eller utenfor banen. Den ansvarlige skal sørge for nødvendige tiltak for å sikre at plastholdig løst fyllmateriale forblir innenfor idrettsbanen eller snødeponiet frem til det håndteres i tråd med § 23A-7 annet ledd.*

**§ 23A-7. Håndtering av plastholdig løst fyllmateriale**

*Den ansvarlige for idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes skal sørge for nødvendige tiltak for å hindre at plastholdig løst fyllmateriale som oppbevares på eller utenfor banen spres til omgivelsene utenfor banen.*

*Den ansvarlige for idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes skal sørge for at oppsamlet plastholdig løst fyllmateriale ombrukes på den samme idrettsbanen eller leveres til lovlig avfallsanlegg. Oppsamlet fyllmateriale kan kun ombrukes på den samme idrettsbanen hvis fyllmaterialet er egnet for ombruk.*

**§ 23A-8. Kunnskaps- og dokumentasjonsplikt**

*Den ansvarlige for idrettsbaner der løs plastholdig fyllmateriale brukes, skal sørge for å ha kunnskap om og dokumentasjon på*

hvor mye plastholdig løst fyllmateriale som årlig er fylt på idrettsbanen og hva fyllmaterialet består av,

hvor mye plastholdig løst fyllmateriale som årlig er fjernet fra banen og hvordan dette fyllmaterialet er håndtert,

hvilke tiltak som er gjennomført på idrettsbanen for å sikre oppfyllelse av kravene i denne forskriften, og

hvilke vurderinger og tiltak som er gjennomført for å overholde substitusjonsplikten i § 23A-9.

*Dokumentasjonen skal tas vare på i minst 5 år og være tilgjengelig ved kontroll eller på forespørsel fra forerensingsmyndigheten.*

**§ 23A-9. Substitusjonsplikt**

*Den ansvarlige for idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes, skal vurdere om det finnes alternativ som medfører mindre risiko for miljøforstyrrelse, herunder spredning av plastholdig løst fyllmateriale til omgivelsene. Den ansvarlige skal i så fall velge dette alternativet hvis det kan ske uten urimelig kostnad eller ulempe. (...)*

**§ 23A-12. Overgangsbestemmelser**

*For idrettsbaner som er anlagt før dette kapitlets ikrafttredelse gjelder bestemmelsene i § 23A-4 første ledd bokstav a og § 23A-9 først når banen skal rehabiliteres, herunder når kunstgressmatter eller andre baneunderlag skal skiftes ut. Det samme gjelder for planlagte idrettsbaner som det er gitt byggetillatelse til etter plan- og bygningsloven § 21-4 jf. § 20-1 første ledd bokstav a før dette kapitlets ikrafttredelse.*

## Gode Idrettsanlegg

KG2021 (Kunstgras 2021) er eit samarbeidsprosjekt, mellom Akershus, Østfold, Hordaland og Trøndelag fylkeskommunar, og Norges Fotballforbund. NTNU Senter for idrettsanlegg og teknologi (SIAT), har stått for det faglige rundt prosjektet; «*Det er fullt mulig å bygge miljøvennlige baner for*

*helårsbruk». Dei meiner at denne teknologien, er berekraftig og vil fjerne plastproblemene ved kunstgras.*

[KG2021 - sluttrapport](#)



## 1.2 Regionale føringer

I «Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020-2024» (RPS) blir det vist til at befolkninga i fylket er for lite fysisk aktiv. Dette gjeld både for ungdommar og vaksne. Og med ytterlegare nedgang i fysisk aktivitet, og samtidig for høgt kaloriinntak vil dette kunne føre til auke i mellom anna livsstilssjukdommar. I fylkesplanen blir det spesifikt vist til at kvardagsaktiviteten er for låg. Dette handlar i første rekke om transport til og frå jobb og fritidsaktivitetar. Fleire folk i meir aktivitet vil kompensere for dette, og her kan anlegg for idrett og fysisk aktivitet spele ei viktig rolle. Dette er spesielt knytt til måla i fylkesplanen om å ha nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer god fysisk og psykisk helse, ha inkluderande og trygge byar- og tettstader med eit variert kultur- og tenestetilbod, og det å ha eit kultur- og fritidstilbod som er relevant og tilgjengeleg for alle.

Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK) fordeler kvart år tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, dei såkalla spelemidlane. Spelemidlane kjem frå overskotet i Norsk Tipping og har vore ein viktig bidragsytar for bygging og rehabilitering av anlegg sidan 1948.

Spelemedelordninga skal bidra til infrastruktur som gir heile befolkninga moglegheit til å drive idrett og fysisk aktivitet. Barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år) er dei viktigaste målgruppene.

Idrett og fysisk aktivitet byr på viktige fritidsaktivitetar for mange. Både på grunn av eigenverdien aktivitetane har, og på grunn av potensialet dei har til å løyse utfordringar på andre samfunnsområde. Dette er ikkje minst knytt til den fysiske og psykiske helsa vår. For at flest mogleg skal kunne drive med idrett og fysisk aktivitet, både organisert og eigenorganisert, så er det viktig å prioritere dei anlegga som legg til rette for mest mogleg aktivitet.

«[Anleggspolitikk for Møre og Romsdal fylkeskommune](#)» skal vere retningsgivande for prioriteringane fylkeskommunen gjer i fordelinga av spelemidlar i perioden 2021-2024.

Det er peika ut tre satsingsområde med tilhøyrande strategiar for prioriteringane:

- Nærmiljøanlegg
- Friluftslivsanlegg
- Sikre eit mangfold av anlegg

Strategiane tar opp i seg dei tre berekraftsdimensjonane økonomisk, sosial og kulturell, og miljømessig berekraft. Dette er i tråd med målet til MRFK om å vere det fremste berekraftsfylket i landet.

Eit viktig grunnlagsdokument for anleggspolitikken er Møreforskringsrapporten «[Utvikling av anlegg for idrett og fysisk aktivitet i Møre og Romsdal – Spillemidlene](#)»

### Møre og Romsdal miljøfylke

Det har vore auka merksemd rundt konsekvensane som bygging og bruk av idrettsanlegg kan ha for miljøet. Denne merksemda har dreia seg mykje om bruk av gummigranulat (mikroplast) som innfyll på kunstgrasbanar, og bygging av turvegar i sårbare naturområde.

I 2021 vart eit nytt kapittel i «*Forskrift om begrensning av forurensning*», vedteke.

Fylkeskommunen føreset at tiltaka blir følgd opp for at ein skal bli prioritert i spelemedeltildelinga!

## 1.3 Lokale føringar

### Arealplanen sin samfunnsdel

#### FOLKEHELSE

Folkehelsa er generelt god i Norge. Det gjeld og for innbyggjarane i vår kommune. Helse er viktig for alle menneska, men føresetnaden for å oppnå god helse er høgst ulike. Sosiale forhold knytt til oppvekst, utdanning, jobb, kva vi et og muleheitene til trening og fysisk aktivitet er avgjerande for helsa. Hjarte- og karsjukdommar, kroniske lungelidningar og kreft har blitt dei nye folkesjukdommane.

Eit godt folkehelsearbeid er viktig for å følge opp berekraftsmål til FN.

Gode levekår, god helse, livskvalitet og trivsel heng saman. Folkehelsearbeidet må legge til rette for god helse for alle og bidra til mindre sosiale forskjellar i helse. Det er derfor viktig med tidleg innsats blant barn og unge for å bidra til å gi dei ein god og trygg oppvekst. Samtidig må folkehelsearbeidet gjelde alle livsfasar. Vi lever lenger, og det krev tilrettelegging for aktivitet, deltaking og god livskvalitet i høg alder.

#### 3 MILJØMESSIG BEREKRAFT:

Namn på strategi	Hovudmål
Arealbruk - Vi lager eit nettverk av gang- og sykkelvegar, stiar og snarvegar som styrkar trafikksikkerheita og gjer det lettare å gå og sykle i nærmiljøet.	Vi bidreg til reduksjonar av klimagassutsleppa gjennom vår rolle som samfunnsutviklar, planmyndighet, grunneigar, arbeidsgivar, innkjøper og tenesteleverandør.

#### 4 SOSIAL BEREKRAFT

Frivilligkeit, idrett og kultur er viktige pilarar i Surnadalsamfunnet. Vi er i dag ein av dei kommunane i landet med flest registrerte i frivillige lag og organisasjonar per innbyggjar. Dette er takka vere stor innsats frå mange frivillige i heile kommunen. Vi har heile 100 lag og foreiningar registrert i «[Frivillighetsregisteret](#)». Vi har mange flotte anlegg og hus i heile kommunen, både i kommunal og privat regi.

Idrett og kultur er viktige arenaer for integrering av tilflyttarar, same kvar dei kjem i frå, og alle er avhengige av å ha noko å leve for i tillegg til noko å leve av. Slik sett er det avgjerande for trivselen i Surnadal Kommune at vi har eit høgt nivå av frivilligkeit, som skapar desse møteplassane og den kjensla av tilhørsle som frivilligkeit gjev.

Namn på strategi	Hovudmål
Vedlikehalde og drifta gode arenaer for idrettsaktivitet	Vi har eit mangfaldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod og ei vital frivilligkeit.
Legge til rette for medverknad for barn og unge sine muleheiter til idrett og kultur	Vi har inkluderande og trygge oppvekstmiljø med leike- og læringsarenaer som fremmer sosial kompetanse, meistring, tilhørighet og god helse.
Surnadal kommune skal arbeide med å legge til rette for eit godt psykososialt leike- og læringsmiljø på alle arenaer.	Vi har robuste og trygge barn og unge
Legge til rette areal for utvikling av idretts- og kulturanlegg	Vi har områder der frivillige lag og organisasjonar får utvikle seg. Både inne og ute med hus og anlegg.

## Kulturplan for Surnadal 2021 – 2025

**Mål for kulturområdet i Surnadal 2021 - 2025:**

**«Saman skal vi skape eit raust samfunn prega av mangfold, toleranse, livskraft og skaparkraft for den enkelte og kvarandre – der kulturlivet er ei drivkraft som fremmer folkehelse og motverkar utanforskap.»**

### BARN OG UNGE

Strategiar	Hovudmål
Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge.  Vi har få møteplassar utandørs som samlar barn og unge uavhengig av nabolag/grend. Eksempel: Skøyteis Snøskutertrase Ballspellassar/ volleyballbanar Skaterampar  Sette inn tiltak for at ungdom skal oppretthalde sin eigen aktivitet Sette inn førebyggande tiltak for å hindre fråfall frå organisert fritidsaktivitet	Vi har barn som opplever å ha god fysisk og psykisk helse  Vi har inkluderande og trygge oppvekstmiljø med leike- og læringsarenaer som fremmar sosial kompetanse, meistring, tilhørighet og god helse  Vi har eit mangfaldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod til barn og unge

### FRIVILLIGHEITA

#### **HOVUDMÅL**

***Eit mangfaldig friluftsliv, kultur- og idrettstilbod og ei vital frivilligheit***



Opning av Kavlvegen Kultursti 1. september 2023. Foto Todalen .no

## 2 Resultatvurdering av førre plan

### 2.1 Handlingsprogrammet for fysisk aktivitet

#### INFORMASJON

Strategi/tiltak :

Aktuell informasjon og linkar om aktivitet og anlegg er tilgjengeleg på nett.

Utvikle ein app, med fokus på alt av friluftsliv i Surnadal kommune.

Resultat:

Det er ikkje utarbeidd ein eigen app i regi av kommunen.

Rundt 80 turar i Surnadal ligg derimot på <https://morotur.no/> med turbeskriving på både norsk og engelsk. Desse turane ligg i tillegg på **Stikk UT!**-appen, Stikk UT! sin app med m.a. turbeskrivingar og aktivitetsregistrering.

Skisporet.no er òg ei nettside og app som blir bruka i Surnadal, GPS – utstyret er det kommunen som har kjøpt inn og betalar årskostnadane for deltaking.

Todalen IL. har turbeskrivingar og registrering av aktivitet på appen "Trimpoeng".

#### BARN OG UNGE

Strategi/tiltak :

Barehagar og skolar skal ha god tilgang til naturområde;

Skolegardar skal utviklast til nærmiljøparkar og vi skal legge til rette for at skular, lag og andre er merksame på mulighetene innanfor spelemiddelordninga for å skape fleire nærmiljøanlegg.

Dette er viktig for å få til ein aktiv livsstil for så mange som mulig.

Resultat:

Utbygging av SUBUS (Surnadal barne og ungdomsskole) var lagt opp på ein slik måte at uteområda sto klare når bygget vart teke i bruk. Småskulen, mellomtrinnet og ungdomsskulen har eigne særskilde områder.

I tillegg er Øyeområdet godt utbygd med nærmiljøanlegg, Øye stadion m/friidrettsarena og sandvolleyball.

To av barneskulane i kommunen er lagt ned, men nærmiljøanlegga som ligg ved dei to skulane er oppretthalde og blir aktivt bruka.

Strategi/tiltak :

Elevane skal motiverast til fysisk aktivitet


Gjennom eit aktiv ungdomsråd, lære ungdom å ta ansvar for å oppretthalde sin eigen aktivitet og styrke barn og unge sin identitet, medverknad og innflytelse i samfunnet.

Resultat:

Øye skuleområde: Det er etablert Frisbee-bane, der mange jenter er aktive. I tillegg er gymnastikksalane bygde om i samband med utbygginga av Surnadal barne og ungdomskole. Dei siste åra er det òg etablert skøyteis/skøytebane her.

Todalen og Stangvik oppvekstsenter: Her er det etablert akebakke.

Tidstrend i Surnadal kommune.  
Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som er med i organisasjonar, klubbar eller lag



#### Strategi/tiltak :


Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge: skøyteis, akebakkar, snøskutertrasé, ballspellassar, hestesport, alpinbakke, m.m. Fokusområde; uorganisert ungdom - arenaer for jenter.

Sikre lågterskeltilbod til barn/unge med psykiske vanskar.

#### Resultat:

Vi har fått lengre sesong i alpinbakken på grunn av snøkanonanlegg, og Frivilligsentralen har fleire sesongkort i bakken til utlån . I tillegg er det mykje utlån av langrennsski og skøyter. Kommunen har utvikla Svarvassområdet til ein aktivitetspark med ein ny leikeplass, som er mykje brukta.

**Figur 1. Fritid og helse i kommunen. Tall fra 2020 er fra før pandemien, tall for 2022 er fra etter restriksjonene\*. (Kilde: Ungdata)**



Oppvekstprofil for 1566 Surnadal, 2023. Antall barn 0-17 år per 1. januar 2022: 1089

## **FRILUFTSLIV**

**Strategi/tiltak :**

Sikre god tilgang til frilufts arenaer

**Resultat:** Kommunen har hatt fokus på bevisstgjering på dei statleg sikra friluftsområda våre, med ei forvaltningsplan på desse. Det er og blitt sikra nokre områder i samband med bygginga av Kavlvegen kultursti som vart opna i september 2023.

**Strategi/tiltak :**

Fortsette «Stikk UT!»-satsinga og utvikle fleire aktivitetstiltak saman med Friluftsrådet

**Resultat:** I løpet av planperioden har vi utvikla Stikk UT!-satsinga vår til å omfatte Stikk UT! Ski og Stikk UT! vinter (fotturar) i tillegg til fotturane på sommaren.

**Strategi/tiltak :**

Fokus på tilgjengelegheit for alle i friluftsområder (tilrettelegging for rørslehemma)

**Resultat:** Toåa tursti vart opna i 2020. Traseen har 500 m universelt utforma sti, men heile stien er eigna for trilling og gir tilgang til gapahuk og fiskerampe også for rørslehemma.

Det har i perioden vore arbeidd med Kavlvegen kultursti. Denne ligg sentralt til og er tilgjengeleg og tilrettelagt for alle.

I tillegg har kommunen opparbeidd ein tursti langs elva ved Svartvassområdet, her var det køyrt opp skiløype på våren i 2023.

**Strategi/tiltak :**

Fokus på merking av turstiar i nærområda

**Resultat:** Gjennom arbeidet med Stikk UT!, har nye turar i nærområda vorte skilta, merka og lagt ut på morotur.no og i Stikk UT!-appen.

**Strategi/tiltak :**

Vi må auke forståinga for verdien av fysisk aktivitet, trening og godt kosthald i det helsefremjande arbeidet, ikkje minst blant dei eldre.

**Resultat:** Surnadal kommune har ein aktiv folkehelsekoordinator og eit Frisklivsentral tilbod.

Surnadal frivilligsentral har og godt samarbeid med lag og organisasjonar som er aktive bidragsytarar både med sosiale møteplassar, men og med tanke på mosjon.

Det finns stavganggruppe og fjellsportsgruppe for aktive eldre i kommunen, mosjonsklubben har trening og bading ein gong i veka.

Svømmehallen har oppvarma basseng kvar onsdagskveld.

## **IDRETT**

**Strategi/tiltak :**

Sikre ei breidde på anleggsmassen som er tilpassa barn, unge og vaksne sine behov for aktivitet

Utvikle gode vilkår for å utøve idrett

**Resultat:** Det er i perioden mellom anna opparbeidd både aktivitetsanlegg ved Surnadal Barne og Ungdomsskole og det er etablert turstiar tilpassa alle.

Det er gratis å leige idrettshall og gymnastikksalar for ungdom under 20 år.



## 2.2 Leikeplassar og aktivitetsanlegg i nærmiljøa som har fått kommunal

Leikeplass/Søkjar	Kvar	Kommunale midlar
Bedehusvlingen leikeplass	Øvre Surnadal	9 000
Høgmoen leikeplass	Øvre Surnadal	11 000
Holtamoen leikeplass	Øvre Surnadal	5 000
Buhagen leikeplass		6 500
Åsskard leikeplass	Åsskard	10 000
Grytåfeltet leikeplass		10 000
<b>Totalt</b>		<b>51 500</b>

## 2.3 Kulturbrygg i perioden

Kulturbrygg	Kvar	Tildelte kommunale midlar i perioden
Utandørs-scene	Kleiva	Bygd med kommunale investeringsmidlar og sponsormidlar i samarbeid med Nordmørsmusea og Vårsøghelga
Myrvang forsamlingshus	Kvanne	Ikkje søkt kommunale midlar
Surnadal husflidslag	Nymoen	Ikkje søkt kommunale midlar
<b>Sagatun</b>	<b>Øvre Surnadal</b>	<b>17 500</b>
Todalen sanitetshus	Todalen	Ikkje søkt kommunale midlar
<b>Ungdomshuset</b>	<b>Todalen</b>	<b>4 000</b>
Bondehuset	Stangvik	Ikkje søkt kommunale midlar
<b>Bæverhall</b>	<b>Bøverdalen</b>	<b>9 000</b>
<b>Bøfjorden grendehus</b>	<b>Bøfjorden</b>	<b>18 000</b>
Årnes gren dahus	Årnes	10 000
Dønnem bedehus	Øvre Surnadal	14 000
Tonheim	Nedre Surnadal	6 000
<b>Totalt</b>		<b>78 500</b>

Kommunen har bygd scene på Kleiva i denne planperioden.

Det er ikkje søkt spelemidlar på kulturbrygg i planperioden, men som de ser så har kommunen gitt noko over kulturmiddelordninga til enkle utbetringar.

## 2.4 Handlingsprogrammet for ordinære anlegg

Opphavleg handlingsplan frå 2018

Pri.	Anlegg	Plassering	Søkjar	
1	Snøproduksjon	Sæterlia, Surnadal alpinanlegg	Surnadal alpineigedom	Ferdig
2	Tidtakarbu/ skutergarasje	Sæterlia, Surnadal alpinanlegg	Surnadal IL	Ferdig
3	Friluftsliv i Surnadal: Kavlvegen kultursti	Eidet/Åsen	Surnadal kommune	Opning 01.09.2023
4	Varmestue	Sæterlia, Surnadal alpinanlegg	Surnadal alpineigedom	Ikkje søkt
5	Fotballhall	Øye	Surnadal IL	Byggestart 2023
6	Båt til dykkarklubben	Surnadal hamn	Surnadal IL	Ikkje søkt
7	Klubbhus/varmestue	Angråmyra	Surnadal jeger- og fisker forening	Ferdig
8	Klubbhus	Mo/Kvanne	Surnadal Golfklubb	Trekt søknad
9	Tursti langs Toåa, med universell utforma fiskeplass	Todalen	Todalen IL	Ferdig
10	Elektronisk skytebane	Øvre Surnadal	Øvre Surnadal skytterlag	Ikkje søkt
11	Klubbhus	Mo/Kvanne	Surnadal Motocrossklubb	Ikkje søkt
12	Skatepark/aktivitetspark	Svartvatnet	Surnadal kommune	Ikkje søkt
13	Buldrerom/klatring	Nedre Surnadal	Trollheimen Klivarlag	Ikkje søkt
14	Skileikområde	Vang	IL Søya	Ferdig
15	Oppgradering idrettshall	Øye	Surnadal kommune	Søkt – ikkje tildelt
16	Sanitæranlegg Tjønnmyra	Todalen	Todalen IL	Ikkje søkt
17	Stisystem arboretet	Svinvik	Surnadal kommune	Ikkje søkt
18	Tursti Surna	Grimsmo/Øye	Surnadal kommune	Ikkje søkt
19	Nye trasear	Sæterlia, Surnadal alpinanlegg	Surnadal alpineigedom	Ikkje søkt
20	Sykkelprosjekt	Sæterlia, Surnadal alpinanlegg	Surnadal alpineigedom	Ikkje søkt
21	Klubbhus	Bæverfjord	Bøverdalen skytterlag	Ikkje søkt
22	Oppgradering, elektronikk inne	Angråmyra	Surnadal skytterlag	Ferdig

Som vi ser er det mange prosjekt på lista frå førre planperiode som ikkje har søkt, nokre av dei vil bli vidareført inn i ny planperiode.

## 2.5 Ordinære anlegg uprioritert liste

Kva	Kvar	Kven
<b>Friluftsliv i Surnadal:</b> Skilting/merking Universalt utforma fiskeplassar Andre aktuelle turstiar	Rundt om i kommunen	Surnadal kommune/lag og organisasjoner
<b>Resultat/vurdering</b>	<i>Dette prosjektet har blitt bruka for å løfte opp delprosjekt inn på prioritert liste, slik som Kavlevegen og Toåa – blir med vidare i planen</i>	
Spesialhallar på Øye	Spesialhallar i samband med ny skule på Øye	Surnadal kommune
<b>Resultat/vurdering</b>	<i>Går ut av planen; dette vart uaktuelt og skulen vart bygd med vanlege gymnastikksalar</i>	
<b>Langhuskopi KulTursti Skei</b>	Bårdshaugen	Surnadal kommune
<b>Resultat/vurdering</b>	<i>Går ut av planen; uaktuelt, tomta er no nytta til omsorgsbustader</i>	
Rehabsti Bårdshaugen	Bårdshaugen/Nedre Surnadal	Surnadal kommune
<b>Resultat/vurdering</b>	<i>Ein rehabiliteringssti er eit ønskje frå kommunen sine fysioterapeutar, dei ser bort frå opphaveleg plassering, men dette prosjektet kan vere aktuelt å ha med vidare i planen</i>	

Prosjekta nedanfor har vorte ønska inn på prioritert liste i planperioden, dei vart heller ikkje spela inn etter folkemøtet i 2022.

Klatrepark	?	Trollheimen Klivarlag
Renovere/innvendig oppussing klubbhuset på Vang	Vang/Kvanne	Idrettslaget Søya
Heilårs universelt utforma stisystem og fiskebrygger, tilrettelegging for dei med nedsett funksjonsevne og utviding av lysløype ved Nordmarka skisenter	Nordmarka idrettssenter	Surnadal Idrettslag
Hoppbakke Sagatun	Øvre Surnadal	ØSIL
Bru og tursti	Øvre Surnadal	

## 2.6 Utbygging av nærmiljøanlegg i perioden 2018 – 2022

Gapahuk, IL Søya			
Stad	Kvanne, skileikområde på Vang		
Resultat	Ferdig	Spelemiddeltilskot i 2020	55 000 kroner
Anlegg			
Kunstgrasbane Svissholmen			
Stad	Stangvik		
Resultat	Ferdig	Spelemiddeltilskot i 2020	300 000 kroner
Anlegg			
Borholmen			
Stad	Todalen		
Resultat	Ikkje starta	spelemiddeltilskot	300 000 kroner

## 3 Økonomisk resultatvurdering

### 3.1 Kommunale tilskot og spelemiddeltildelingar i planperioden

Av 18 prosjekt har 15 fått tilskot i løpet av perioden, totalt fordelt på 10 søkerar og 26 søknadar. 14 heilt nye frå 2017, 21 fornya og 1 gjenteke. 6 søknader (av dei 26) har ein eller annan gong fått status som ikkje formelt i orden – dette er det ordna opp i. Nokre søknader er trekt av ulike årsaker etter ønskje frå søker. 14 prosjekt har fått utbetalt alt eller delar av summen, så i tabellen under vil ikkje alle tala stemme.

## 3.2 Økonomisk oversikt for perioden 2017 – 2023

Økonomiske detaljar frå søknadane (søkt beløp)	Samla beløp	Beløp Lag og org.	Beløp Kommunale anlegg	Kommentarar
<b>Totale kostnader</b>	<b>98 043 141</b>	<b>76 198 090</b>	<b>21 845 051</b>	Frå ca. 2017 til 2023 har idretten og kommunen bygd og rehabiliterat anlegg i Surnadal for om lag dette beløpet.
Søknadsberettigede kostnader	96 921 780	76 198 090	20 723 690	Kostnader som kjem innanfor regelverket i <a href="#"><u>Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - 2023</u></a> .
Ikkje berettigede kostnader	1 121 361	0	1 121 361	Kostnadane ikkje kan søkje spelemidlar til, sjå i «Bestemmelser...» t.d parkering etc.
Eigenkapital	5 355 741	2 370 971	2 984 770	Eigeninvestering i midlar, arbeidstimar og lånefinansiering.
Dugnad	3 616 130	2 683 130	933 000	
Lån	47 711 781	39 665 500	8 046 281	Den kommunale lånefinansieringa gjeld rehabilitering av Surnadal idrettshall.
Private tilskot	9 255 000	9 255 000	0	Sponsing frå næringsliv og andre
Andre tilskot	301 451	301 451	0	
Kommunale tilskot	7 800 160	7 800 160	0	
Søknadsbeløp	24 026 000	14 145 000	9 881 000	Fotballhallen og rehabilitering av idrettshallen er dei store kostnadsdrivarane i denne perioden. Av desse store prosjekta har fotballhallen fått utbetalt 2 millionar, og vil sannsynlegvis få dei neste fire i løpet av dei nærmaste åra, medan Idrettshallen framleis ikkje har fått tilskot.
Tildelte spelemidlar	11 795 000	9 104 000	2 281 000	
Inndratt	-444 000	-440 000	0	Nokre prosjekter har fått avkorting av tilskotet av forskjellige årsaker
Spelemiddeltilskot	10 941 000	9 514 000	2 281 000	
Utbetalt	9 070 000	9 700 000	0	Kommunen vil få utbetalt spelemidlar til Kavleven kultursti når sluttrekneskapen vil bli sendt inn i 2023.

### 3.3 Nærmiljøanlegg i perioden

Økonomiske detaljar frå søknadane (søkt beløp)	Samla beløp	Beløp Lag og org.	Beløp Kommunale anlegg	Kommentarar
<b>Totale kostnader</b>	<b>2 428 865</b>	<b>1 418 865</b>	<b>1 010 000</b>	
Eigenkapital	100 216	100 216	0	
Dugnad	177 737	177 737	0	
Kommunale tilskot	88 000	88 000	0	
Søknadsbeløp	1 085 000	655 000	430 000	
Tildelte spelemidlar	655 000	655 000	0	
Utbetalt	355 000	355 000	0	

### 3.4 Tildelte spelemidlar, ordinære- og nærmiljøanlegg i planperioden

		Reelle tal	Planlagt i førre plan
<b>Totale kostnader</b>	<b>Utbygging i planperioden</b>	<b>100 472 000</b>	<b>86 288 000</b>
Kommunale midlar	Tildelt/lån/investering	7 880 000	6 817 000
Spelemidlar	Tildelt	12 450 000	21 050 000


Løpetiltak i fjellet kjem ikkje inn under dei kommunale søknadane, men ein ser at det blir løyvd ein del midlar til fjellområda våre gjennom Kristiansund og Nordmøre Turistforening (KNT) og Trondheim Turistforening (TT). Dei får midlar til overnattingshytter og merking av løyper i Trollheimen og på Fjordruta. Dette er positivt for oss med tanke på friluftslivssatsinga elles i kommunen.

### 3.5 Konklusjon

Det er omrent ikkje etterslepp på dei anleggstypane vi har søkt på dei siste åra. Men vi ser at sum kostnadane og kommunale midlar har gått opp og at tildelte spelemidlar er betrakteleg lågare enn forventa. Som ein har skrive tidlegare så kan dette ha fleire årsaker, det er mange av dei planlage tiltaka på prioritert liste som ikkje har vorte realisert, det saman med auka kostnader på det som er realisert, kan forklare gapet.

# Planprosessen

20. september 2022 var det folkemøte på kulturhuset, der to representantar frå Møre og Romsdal Idrettskrets kom for å køyre ein planprosess med frammøtte frå frivillige lag og organisasjonar. Det var òg ein gjennomgang av spelemiddelordninga og status på anleggsituasjonen i Surnadal og kva det er søkt og tildelt tilskot til.



Etterpå meldte laga inn sine tiltak. Saksbehandlarane har i tillegg vore i kontakt med alle som sto på listene tidlegare og den nye handlingplanen er oppdatert så godt som råd.

## 4 Status og vurdering

### 4.1 Anleggsdekning/aktivitet

Det er svært mange som nyttar tilboda ved helsestudioa, og det ser ut til å auke på. Helsestudioa gjev fridom til å velje tidspunkt for fysisk aktivitet. Fleire idrettslag samarbeider allereie i dag med studioa, og dette kan utviklast enda meir. Slik gjev også ein sjanse for å utløse statlege midlar, da samarbeidsprosjekt er gunstige. Studioa kan lett tilpasse seg ulike målgrupper, også utanom idretten, slik som eldre.

For å sjå på status og vurdere framtidig satsing på forskjellige anlegg i kommunen kan det vere lurt å sjå på korleis dei forskjellige anlegga er fordelt rundt om i kommunen.

Spelemiddelordninga er delt mellom:

Ordinære anlegg - anlegg for organisert og eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet.

Nærmiljøanlegg -anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet, som ligg i tilknyting til bo- og/eller oppholdsområde. Nærmiljøanlegg er berre utandørs anlegg.


Litt forklaring til kartmerka: Alt i anleggsregisteret for Surnadal blir med på kartet merka med eit raudt punkt. Dei blå punkta med tal i er samanhopingar av anlegg i eit område, t.d. i Sæterlia. Når ein

er inne i anleggsregisteret.no og går på [«Finn anlegg»](#) så finn de desse oversiktene, ved å klikke på dei raude punkta får de opp detaljar om anlegget og om dei er aktive eller nedlagte.

## Ordinære anlegg

Kategoriane innanfor ordinære anlegg her i Surnadal er:


Aktivitetspark  
Fotballanlegg  
Friluftslivsanlegg  
Golfanlegg  
Hestesportsanlegg  
Idrettshus og sørvisbygg  
Klatreanlegg  
Luftsportsanlegg  
Ski- og alpinanlegg  
Skyteanlegg  
Symje- og stupeanlegg  
Sykkelanlegg  
Noko av dette er heilt reelt, noko er lagt inn i systemet utan at det har vorte realisert.



## Nærmiljøanlegg

Nærmiljøanlegg har ein underkategori, som er «mindre utandørsanlegg». Vi har mange nærmiljøanlegg rundt om i kommunen, sjølv om det berre er eit par – tre anlegg som har fått spelemiddlar i den siste planperioden.

Desse anlegga kan ikkje forvekslast med leikeplassar bygd med tradisjonelle leikeapparat, dei får ikkje støtte i denne ordninga.



## 4.2 Status ordinære anlegg i kommunen fordelt innanfor dei forskjellige kategoriene


Ettersom spelemidlane har fokus på barn og unge og friluftsliv så er det henta inn aktivitetstal på unge under 20 år innanfor dei forskjellige kategoriene. Innanfor friluftsliv blir det visa til Stikk ut! statistikk og løype lengder rundt om i kommunen.

### Fotballanlegg

Som vi ser er det fotballanlegg i Bøfjorden, Bæverfjord, Kvenna, Todalen og i nedre Surnadal, på Øye skuleområde og på Syltøran, der dei i 2023 bygger ein innandørs fotballhall.

Øvre Surnadal har ikkje registrert fotballanlegg i anleggsregisteret, men det er stor aktivitet innanfor aldersbestemte grupper der også.

Når ein ser på fotballaktiviteten i aldersbestemte klassar under 20 år, så er det ein eller annan grad av tilbod i alle 6 idrettslag.




Totalt registrerte deltagarkall for alle idrettslag i 2022 er: 6-12 år – 267 jenter og gutter, 13-19 år – 155 jenter og gutter.

### Friidrettsanlegg

Det er eit friidrettsanlegg på Øye skoleområde, som blei oppgradert nå nye Øye stadion ble bygd rundt 2010. Her vil det bli behov for nytt toppdekke på løpebanen i neste planperiode.


Det er òg eit friidrettsanlegg i Todalen på Borholmen.

Det er eit aktivt friidrettsmiljø i Surnadal med 64 registrerte som aktive under 20 år, det er i tillegg nokre som driv med løp utanfor bane.



Under folkemøtet 20. september 2022 vart det meldt inn ønske om eit anlegg for kasteøvingane; kule, diskos og slegge. Dette er friidrettsgreiner det er vanskeleg å utføre på skuleområdet på Øye – der det kan bli for dårlig sikringssone opp mot dei andre aktivitetane på anlegget.

## Friluftslivsanlegg



Når ein ser kor stor rapporten om friluftslivet i kommunen er, kan ein sjå kor viktig det er å få til ei eiga plan for dette, så det er eit mål i neste planperiode å få skreve planen «Friluftslivets ferdsselsårer i Surnadal».

Vi har også med informasjon over områder som er statleg sikra for friluftsformål i samarbeid med Miljødirektoratet.

Det beste systemet for å måle aktiviteten på (for den vaksne befolkninga) kan vere stikk UT! statistikken:

### Stikk UT registreringar i Surnadal

Stikk UT! Sommer		Stikk UT! vinter			Samla
Årstal	Besök	Årstal	Ski	Fotturar	
2014	2 452				2 452
2015	4 234				4 234
2016	6 657	2016/2017	491		7 148
2017	8 927	2017/2018	2 185		11 112
2018	8 392	2018/2019	1 234		9 626
2019	6 482	2019/2020	1 159		7 641
2020	8 768	2020/2021	1 642		10 410
2021	10 697	2021/2022	1 754	1 729	14 180
2022	8 709	2022/2023	2 043	2 506	13 258

Som vi ser varierer aktiviteten fra år til år, men det er langt fleire som går tur no enn når registreringane starta.

Så kan ein spekulere i om dette er eit «sant» bilet; er det folk som ikkje registrerer seg (ja, det er det), men ein kan lese trendane og totalt sett ligg vi høgare no enn før koronaen.

## Statleg sikra friluftsområdar

### Glæremstranda (Kalkstranda)

Glæremstranda ligg ved Surnadalsfjorden og er ei stor og flott kalksteinstrand. Omlag 1km av denne stranda er sikra som friluftsområde og blir mykje nytta både av lokalbefolkning og langvegsfarande. Dette er det mest nytta friluftsområdet i kommunen sommars tid (når veret tilløt det). Folk nyttar

området til turgåing året rundt. Stranda blir tilført kalkmassar frå Glærum kalkstreinsgruve kvar sesong. Det er bygd opp terrasse med steinsett tursti langs stranda og asfaltert gangfelt/strandpromenade frå parkeringsareal til Glærum kalkstreinsgruve. Opparbeidd volleyballbane, rastepllass og grøntareal med planter.

#### **Fjelleigedommen Vaulen på Nordmarka**

Eit større skogs og heiområde nord for Surnadalsfjøret. Mange vatn og vassdrag. Eit rikt plante og dyreliv. Friluftsinteressene er store og området er mykje nytta til dagsturar og helgeturar. Det er utarbeidd orienteringkart for ein del av området. Grensar til område i Rindal og Hemne. Musterseigedommen, som er kommunal, ligg sentralt i Nordmarka

Vaulen ("Mustershusa") som ligger i austkanten av stølen på Vaulen. Namnet kjem frå engelskmannen James Lawrence Chaworth-Musters som kjøpte eigedommen i 1896. Han sette opp nye store hus på austkanten av stølen og brukte desse til sommarhus. Husa vart restaurert i 2002 - 2004 med ein omfattande dugnadsinnsats og er gjort i stand til utleige med sengeplassar til om lag 20 personar.

I tillegg er det eit gammalt uthus av tømmer, eit nytt uthus/lager med oppholdsrom og strøm, Gapahuk med sitteplass til 20-30 personar med bålpannepllass. Ved vatnet er det eit naust med 6 kanoar og flytebrygge.

Vaulen er mykje brukt av skuleklassar. Privatpersonar, lag og foreiningar kan leige Vaulen gjennom Servicetorget i Surnadal kommune

#### **Svissholmen**

Badepllass og nærmiljøområde med fotballbane ved Stangvik kyrkje og lokal småbåthamn. Strandområde med svaberg, men også ei grunn vik. Sentral samlingsstad for bygda, men blir og mykje brukt av turistar. Grendalaget står for drifta av det godt opparbeidde og veldrivne området. Tilrettelagt med mellom anna langbord, benker, grillplass og fotballbane. 10,7 dekar er erverva med statstilskott.

Gapahuk med langbord, benker og grillplass. Rydda badestrond med stupebrett/badetrapp. Fotballbane som er hyppig bruka av fastbuande og besökande. Sanitærhus eigd av Surnadal kommune, med felles bruksrett med småbåthamna. Båtutsettingsrampe. Dersom ein har nokon til å trille rullestolen eller har motorisert rullestol, går det an å komme seg med rullestol til steinplattingen med gapahuk ved stranda.

I 2023 har ein starta på eit forprosjekt for å utvikle området enda meir.

#### **Kavlvegen kultursti - Galtmettet**

Området er sikra til mellom anna parkeringsareal for Kavlvegen kultursti og har opparbeidd avkjørsel frå fylkesveg med HC-parkering etter løyve frå Statens Vegvesen. Tilrettelagt for rullestolbrukarar pr. 01.09.2023.

#### **Kavlvegen kultursti – Åsen**

Området er sikra til mellom anna parkeringsareal for Kavlvegen kultursti. Friluftslivsområdet som er statleg sikra inngår i Åsen bygdemuseum. Dette er eit friluftsmuseum, eit tradisjonelt nordmørisk gardstun med bygningar, tuntre, hagebusker og opparbeidd kulturlandskap. Skilta avkjørsel frå RV 670 med kort veg til parkeringsplass og tilkomst til turstiområde og Åsen bygdemuseum.

## Oversikt over turstiar i Surnadal

### Nedre Surnadal

Tursti til Langvatnet	8,2 km
Tursti til Knyken	13 km
Tursti til Kleiva	2,4 km
Tursti til Syltnebba (frå Rognpilvegen)	8,2 km
Tursti til Syltnebba (frå Surnadalsøra)	6,6 km
Tursti til Roparen (frå Alpinsenteret)	1,8 km
Tursti til Roparen (frå Øra)	2,4 km
Tursti til Torviksetra	4,2 km
Tursti til Soggnebba (frå Sogge)	6,3 km
Tursti til Soggnebba (frå Honnstad)	(ukjent)
Kavlvegen kultursti	X km
Sjøasetervatnet	6,5 km
Strandasetra	4,7 km

### Nordmarka

Spitfire-runden (Krigsminnesti) 6,3 km

### Årnes

Eit nettverk av stiar i Årnestraktene, mellom anna:

Garte – Gjerdasetra – Garthøglia – Svartvatnet - «Gammel-Baklisetra» - Baklia  
 Baklia – Årnes  
 «Gammel -Baklisetra» - Nersetra  
 Gjerdasetra – Møkkelgjerdssetra – Sjøflottsetra – Kringla  
 Kringla – Årnes  
 Nersetra - Asphaugen, Kringla  
 Asphaugen – Seterstigen  
 Brandhaugen – Gråora  
 Seterstigen – Persullukammen  
 Bermyrhaugen – Hamnesvikan  
 Asphaugen – Persullukammen  
 Kjergroneset - Persullukammen- Årnes  
 Kjergroneset - Årnes om Årneshola – Persullukkleiva og Persullukammen  
 Kjergroneset - Årnes etter gammelvegen  
 Rønningan –Skogstua  
 Rønningan - Stortrølia- Seterstigen  
 Seterstigen – Skogstua  
 Seterstigen – Gråora  
 Ekjelia – Skaret  
 Baklia – Nersetra - Sandneset

## Øvre Surnadal

DNT si turistlinje går gjennom bygda mellom dei to turisthyttene: Hermannhytta og Setersetra.

Tursti til Liabekken	6,8 km
Tursti til Liabekken om setervegen	5,2 km
Tursti til Salvatna	4,4 km

## Bøfjorden

Mange turar i Bøfjorden er skilta og merka. I tillegg er det gjeve ut eit tilhøyrande hefte med turbeskrivingar: "Turar i Bøfjorden".)

Kalset- Kvalnesvika	7 km
Kalset- Kalsetsetra	3 km
Heggemsneset- Kallset	4 km
Heggemsneset- Blåfjellet	8 km
Dragset- Blåfjellet	10 km
Dragset- Skarhaugen- Håkkåsteinen	8 km
Skrøvset- Skrøvsetfjellet- Skreå	6 km
Settem- Settemsvarden	5 km
Settem- Jutulbu- Tussan	10 km
Settemsør- Svarttjønna	6 km
Settemsør- Nordstranda- Heggemsneset	10 km
Settemsør- Bølandet- Bøgeilen	6 km
Åsskardfjorden rundt	16,5 km
Padletur frå Elvaneset- ulike ruter skissert	
Grendahuset- Høgbrua- Svartvatnet	2 km
Sletta- Blåfjellet	4 km
Sletta- Kjølen	3 km
Sletta- Hjelmkona	9 km
Sletta- Hjelmkona rundt	14 km
Settemsdalen- Hjelmen	6 km
Bø- Osen- Hyllrabben	7 km
Stakkneset- Trollbakken- Bøvardane	6 km
Bøkleppen- Bølia- Stordalsvarden	7 km
Bøkleppen- Bøkleppnausta	2 km
Bøkleppen- Bøkleppsetra/Gravasetra	5 km
Bøkleppen- Trodalen	7 km

## Bøverfjorden

På Flessastranda finst det noko tilrettelegging for dei som brukar området til bading og dagsturar. Det er òg lagt til rette for bading på Einholmen hytteområde ved utløpet av elva Bøvra, og det blir bada i eit fossefall oppe i Bøverdalen, mellom gardane Hallmyra og Toresetra.

Tursti til Solemsetra frå Solem (Oppistua)	3,6 km
Tursti til Solemssetra frå Litlvika	3,8 km
Tursti til Hakstadsetra	5,2 km
Tursti til Bøverfjordsetra	4 km

Tursti til Amtlia om Solligjerdet	6,2 km
Tursti til Solligjerdet	3 km
Rundtur om Kraftstasjonen	8 km
Tursti til Trodalen	5,6 km
Tursti til Bjorvollen	5,8 km
Tursti til Flåttasetra	4 km
Tursti til Skarven	5,9 km
Tursti til Seterbøsetra	3,6 km
Tursti til Svartvatnet	3,2 km
Tursti til Baklisetra	5 km

## Nordvik

### Vandring

Tursti Ytre Sula	7,4 km
Turstien Svinvikrunden	4,6 km
Rundtur om Ytre Sula	6,7 km
Åsbøsnytå, trasè 1	5,6 km
Stisystem av kortare turar i Nordvik- og Svinvikområdet	ca. 7,5 km

ski

Åsbøsnytå, trasè 2

## Stangvik/Kvanne

Eit nett av stiar er beskrive på kart publisert av I.L. Søya sommaren 2016. Turkartet ligg nedlastbart på nettsidene til IL Søya. Dei fleste av desse stiane er skilta og merka.

### Vandring

Tursti til Strengen	7,8 km
Tursti til Gammelsetra	3,4 km
Tursti til Storsetra	4,4 km
Turstiar rundt/ til Eyjehaugen	4,7 km
Turstiar rundt/til Kvennaåsen	4,9 km
Nettverk av stiar i Strengområdet	ca. 20 km
Stinnett i området Mulneset-Bjønndullu- Haltbakkan	ca. 8,0 km
Stiarnett frå Gjerstad og Haugen over Haugasetra, Vindnebba og Skjenna til Åsen	ca. 6 km
Tursti til Snøfjellet	8,6 km
Tursti til Skarfjellet	4,6 km
Tur til Fossafjellet	7,8 km
Tursti til Middagshaugen	5,0 km

### Sykling

Sykkelstiar/-nett på strekninga Kvanne- Stangvika	ca. 15 km
Gammelvegen frå Melhus til Åsbøen	3,2 km
Sykkeltur langs Søya frå Haugen til Kvennbøen	8,8 km
Sykkeltur innover Kvenndalen	9,2 km

## Todalen

Todalen II har turbeskrivingar og turregistrering på appen "Trimpoeng". er i startgropa med merking og skilting av turstiar(stryk). Dei fleste turane er ikkje skilta og merka.

### Vandring

Tursti til Ansnessetra	3,3 km
Tursti til Bjøråskaret	15,6 km
Tursti til Fauskhjellen	3,2 km
Tursti til Gammelsetra	5,4 km
Tursti til Haukarsteinen	4,4 km
Rundtur om Ja-benken	3,0 km
Tursti til Løfta	3,2 km
Tursti til Naustådalssetra	5,0 m
Tursti til Storhaugen	5,3 km
Tursti til Taløysetra	4,0 km
Rundtur om Tjønnmyran	3,7 km
Toåa tursti	3,2 km
Tursti til Tårnet	7,4 km

### Ski

Oppkøyrd skitur Skihytta	6,2 km
Oppkøyrd skitur Tristeanan	5,2 km
Opptråkka skispor ved Toåa tursti	
Oppkøyrt løype frå Innerdalsmerket via Midtryggen og ned att til skihytta.	

## Hestesport

Plassering: Nymoen

Interkommunalt anlegg

Eigar: Trollheimen Ride og Kjørelag

Ridehall, gjestestall og maratonbane.

Bygge år 2012

Tilskot:

2012: 1 450 000 kr

2013: 1 450 000 kr

2015: 377 000 kr

Disiplinoversikt med tal for dei under 20 år:

Dressur 24

Feltritt 2


Islandshest 3

Kjøring 4

Sprang 23

Øvrig riding 35

Samla aktivitets tal for ungdom under 20 år 91



## Idrettshaller, aktivitetsalar idrettshus og sørvisbygg

Gymnastikkasalar som er i aktivt bruk til barne og ungdomsaktiviteter per dato er:

Begge salane på Surnadal barne og ungdomsskole, salen i Stangvik oppvekstsenter og på Todalsskolen. Desse salane dekker det meste av gymnastikk og breiddeaktivitet der vi har 38 aktive under 20 år.



### Idrettsalen til Nordmøre

Folkehøgskole er fast treningsstad for Surnadal NTN Taekwon-Do klubb, med til saman om lag 80 utøvarar. Nordmøre folkehøgskule driv òg sommarleir for barn, ungdom og vaksne i tre veker kvar sommar og bruker da alle tilgjengelege salar i nedre Surnadal.

Idrettshallen er blir bruka til gymnastikk og breiddeaktivitet, innebandy, fotball og handball. Det er registrert 94 aktive handballspelarar under 20 år, men idrettshallen og delvis «gymsalane på SUBUS» blir og bruka av vaksne over 20 år. Da kan ein forstå kvifor det i alle år har vore klag på for dårlig kapasitet i Idrettshallen. Dette er eit problem som kan bli betre til neste år når den nye fotballhallen står ferdig og ein del av aktiviteten blir flytta dit.

## Motorsportsanlegg

Kvanne motocrossbane

Eigar: Surnadal kommune

Driftar: Surnadal motocrossklubb

Bygge år 2003

Tilskot

2003: 298 000 kr

2014: 400 000 kr

Det har i lang tid vore eit stort og godt motocrossmiljø i Surnadal, med ungdom som har vore i Norgestoppen.

Per 2022 er det registrert 7 aktive under 20 år.

Dei treng eit klubblokale og står inne i handlingsprogrammet òg for neste periode.



## Ski og alpinanlegg

Bøfjorden - Sollislettløypa 1990  
Bøfjorden IL

Nordmarka idrettssenter 1987  
Surnadal IL  
Totalt tilskot: 263 000 kroner

Surnadal alpinsenter 1985  
Surnadal alpineigedom


Holtamoen – langrennsløyper 1987  
Øvre Surnadal idrettslag

Sæterbakkane (hoppbakke) 1975  
Øvre Surnadal idrettslag  
Ikkje i bruk

Vang skianlegg 1980  
Idrettslaget Søya

Strengentraseen 2015  
Idrettslaget Søya

Tjønnmyran turløype og skileikanlegg 2014  
Todalen idrettslag



Det er mange anlegg og stor aktivitet rundt om i kommunen, når det gjeld aktivitetstall frå 2022 for dei under 20 år så finn vi desse tala: Langrenn - 321, Alpint - 30, Freestyle - 60 og Randonee - 6. Sist nemnte er ein «anleggslaus» idrett, som har vorte populær dei siste åra. Tidlegare var telemarkskøyring ein populær idrett i Norge, det er per i dag ikkje meldt inn nokon under 20 år som driv med det i Surnadal.

## Golf

Surnadal Golfklubb vart etablert i 2000. Golfparken på Mo ved Kvanne vart opna som ein 6-hols bane i 2006, og utvida til komplett 9-hols bane sommaren 2008. Lengde: 4094m frå gul tee. Par 66 over 18 hull.

Det er eit aktivt golfmiljø i Surnadal med mange aktive spelarar det er registrert 34 aktive under 20 år.



## Disksport/diskgolf

I Surnadal finn vi anlegg på Øye skuleområdet, Sagdammen Diskgolfpark (Øvre Surnadal) og i Todalen. Dette er anlegg som er sett opp av eldsjeler som har samla sponsormidlar. Difor finn vi ikkje desse anlegga i anleggsregisteret til spelemiddelordninga. Surnadal IL har registrert 4 aktiva under 20 i denne idrettsgreina. Anlegga er mykje bruka.

## Ishockey

Dei siste åra har ishockey vore ein vekstidrett i Surnadal. Surnadal Ishockeyklubb (Surnadal Blades) har etablert seg på Øye skuleområde dei siste åra og dei har registrert 54 aktive under 20 år. Det er planlagt å byggje kunstisflate med tak i nærmeste framtid.

## Sykkel

Øye skule pumptrackbane 2022

Surnadal kommune

Nærmiljøanlegg

Lengde 100 m

Dette anlegget er til uorganisert aktivitet i og etter skuletid.

Trollheimen sykkelklubb har greinar som, bane, E-sykling, landeveg og terregng. Der landeveg og terregng er dei greinene med mest aktivitetstal. Totalt innanfor Sykling har dei meldt inn 13 aktive under 20 år.



## Skyteanlegg

Hjelmen skytebane 1986

Hjelmen skytterlag

Bøfjorden

Bæverdalen skytebane 1964

Bæverdalen Skytterlag

Bøverfjorden

Øvre Surnadal skytebane 1933

Øvre Surnadal skytterlag


Holtamoan

Angråmyra skytebane 1991

Surnadal skytтарlag

Mo Skytebane (Kvanne)

Søya og Todalen Skytterlag



Surnadal kommune har «allveg» hatt eit aktivt skytermiljø, det er 4 aktive utandørs banar (100m og 200/300m) der det blir gjennomført trening og stemner. To av laga har innandørsbanar der det er trening og stemne i vintersessongen. Det er meldt inn om lag 50 aktive skytterar under 20 år i 2023. Alle laga driv med oppskytning for jegarar.

## 4.3 Kulturygg i Surnadal

Namn	Eigar	Bygge år	Stad
Todalen Ungdomshus.	Todalen Idrettslag.	1900 - Påbygd matsal i 1930. Restaurert i 1959 -1976 - 2008.	Todalen
Todalen Sanitetshus.	Todalen Sanitetsforening.	1980/81 - Påbygd kjøkken i 1987. oppussa i 1993 nytt tak i 1996 Møterom og 2 baderom pussa opp i 1997, samt bygd rullestolrampe	Todalen
Skulstuå.	Foreininga Skulstuå i Todalen.		Todalen
Nordvik Forsamlingshus.	Nordvik Grendalag.	1912. - Restaurert 1960	Nordvik
Myrvang Forsamlingshus.	Bygda (frå Haltbakken til Grønneset) med eige husstyre.	1922. - Påbygd i 1960 og restaurert i 1987/88. Ny og større parkeringsplass i 1988. Kjøkken restaurert og modernisert i 1989.	Lykkjebygda
Kvanne Bedehus.	Privat		Lykkjebygda
Bondehuset.	Stangvik Grendalag.	1920	Stangvik
Eidet Bedehus.	Normisjon. (drevet av kretsen i bygda).	1978.	Eidet
Angråmyra Skytebane.	Surnadal Skyttarlag.	1995	Eidet
Toneheim Musikkhus.	Surnadal Hornmusikk.	1936 - Påbygd/ombygd i 1983 og 1994	Nedre Surnadal
Trudvang.	SKUV	1946 - Restaurert i slutten av 1970-åra av Øra/Grytå krins	Surnadalsøra
Røde Kors huset.	Surnadal Røde Kors.		Bøvra
Trollheimen Ridehall.	Trollheimen ride- og kjørelag.	2012	Nymoen
Nymoen	Surnadal Husflidslag.	1949/45. - Ombygd i 1975	Nymoen
Solvang Forsamlingshus.	Huset er rive	1900 – (Bygningsteknisk dokumentasjon finn i arkiv)	Glerem/revet
Årnes Grendahus.	Årnes Grendalag.	1879 - Huset vart bygd som skule, omgjort til grendahus i 1965 Totalrestaurert 1993	Årnes
Nordsida Grendahus.	Surnadal jeger- og fiskerforening		Tellesbø
Korsen Grendahus.	Honnstad Krets.	1899 - I 1965 vart huset flytta og oppattbygd som grendahus.	Korsen
Sagatun Forsamlingshus.	Grendalaget	1965. - Påbygd i 1975 (lagerrom).	Øvre Surnadal
Dønnem Bedehus.	Grenda		Øvre Surnadal
Nordmarka Idrettsenter.	Surnadal Idrettlag.	1980	Nordmarka
Bæverdalen Skyttarhus.			Bæverfjord
Bæverdalen Bedehus.	grenda		Bøverdalen

Bæverhall Forsamlingshus.	Bæverdalen Samfunnshus A/L	1954	Bøverdalen
Skoglund Forsamlingshus.	Åsgard Ungdomslag.	1903 - Flytta og ombygd i 1959. Nytt tak i 1990. Utviding av lagerrom og rom bak scena i 1994	Korsvika
Bøfjorden Grendahus.	Bøfjorden Grendahus A/L.	1994	Bøfjorden
Bedehuset Betania.	kretsen	1933	Nordsida
Bøfjorden Sjøbruksmuseum.	Bøfjorden Historielag.		Nordsida
Kveldheim.	Bø Grendalag Kveldheim.	1916	Bølandet

### Forskjellige kulturbygg i Surnadal – drive av lag og organisasjoner



# 5 Vurdering av langsiktige og kortsiktige behov

## 5.1 Behov meldt inn til ny plan

### Idretts- og skyttaranlegg

#### SURNADAL SKYTTERLAG:

Skytterlaget er medlem av DFS (det frivillige skyttervesen) og har 240 betalende medlemmar.

Stang - og felthurtiganlegg.

«*Per i dag har vi metall-mål i vårt felthurtiganlegg. Det er vedtatt et forbud mot metall-mål fra og med 2025, så skal aktiviteten opprettholdes, må det investeres i nytt elektronisk felthurtiganlegg».*

Estimert kostnad: 700 000 kroner

Oppgradering, restaurering og rehabilitering av Angråmyra skyteanlegg.

«*Nye forskriftskrav er på trappene og oppgradering eller rehabilitering av anlegget må muligens skje i løpet av neste 4 årsperiode. Vi kommer til å ha behov for støtte til oppgradering, restaurering og rehabilitering for å imøtekomme nye krav og godkjenninger og for å oppgradere eksisterende standard på bane og anlegg».*

Estimert kostnad: usikkert per skrivande stund

Innvestering av inntil 4 skiver for 50 meters utendørsbane.

«*For å lette overgangen for rekrutter fra innendørsskyting til 100 meters utendørs skyting ønskes det utendørs utbygging av inntil 4 skiver på 50 meters avstand».*

Estimert kostnad: usikkert per skrivande stund

#### SURNADAL ISHOCKEYKLUBB

Surnadal Ishockeyklubb er ein nystarta klubb med mange unge medlemmer og stor aktivitet.

Ishockeyhall på Øye skoleområdet

For å skape meir aktivitet om vinteren. Skøyteis er eit «lågterskel» aktivitetsanlegg for alle aldrar!

Estimert kostnad: 13 600 000 kroner

#### SURNADAL IDRETTSLAG

Surnadal idrettslag er kommunens største idrettslag med mange aktiviteter og stor anleggsutvikling.

Nordmarka skisenter; Skileikanlegg og Langrennscross

«*For å skape en sosial sone for barn og unge og sikre vekst/rekruttering i vinteridretten er det sterkt ønske om etablering av et område hvor det er fokus på lek/moro og det sosiale».*

Estimert kostnad: 2 400 000 kroner

**Anna**

FRITTSTÅANDE ØNSKJE



Det er meldt inn ønske om eit anlegg for kasteøvingane; kule, diskos og slegge. Friidrettsgreiner det er vanskeleg å utføre på Øye skuleområdet – Det er ikkje god nok sikringssone.

Det er òg meldt inn ønske om eit Padeltennisanlegg

#### ØNSKJE OM EIGA PLAN FOR «FRILUFTSLIVETS FERDSELSÅRAR»

Friluftslivets ferdelsårar er eit fleirårig prosjekt som er satt i gang av Klima- og miljødepartementet (KLD). Prosjektet starta i 2019. Prosjektet skal fremme kartfesting, planlegging, opparbeiding, og skilting og merking av samanhengande nettverk av ferdelsårar for friluftsliv.

Fase 1: Kommunen melder inn status til Kartverket sin database for turruter

Fase 2: Kommunen utarbeider plan for friluftslivets ferdelsårar

Fase 3: Kommunen og samarbeidspartar realiserer planlagde tiltak

Møre og Romsdal fylket skriv på sine heimesider:

«*Kommunar som følger ein plan for friluftslivets ferdelsårar, vil i åra som kjem bli prioritert i fordelinga av tilskot til friluftslivsanlegg».*

Det er mogleg å søkje midlar til opparbeiding av den nye planen.

## Kulturygg

### STANGVIK GREDELAG

Stangvik grendalag er eit stort og aktivt grendelag som eig, vedlikeheld og forvaltarforsamlingshuset; Bondehuset i Stangvik

Rehabilitering av Bondehuset i Stangvik,

Stangvik grendelag er i gong med eit stort rehabiliteringsprosjekt på Bondehuset og har varsle at dei vil sende inn ein søknad til 2024. Huset er bygt av Stangvik Bondelag på Nordmøre i 1920, er eit unikt forsamlingshus med mykje aktivitet.

Første byggetrinn:

universell utforming ved til dømes toalettfasiliteter

fornying av elektrisk anlegget og brannvern

fasade, vindauge og forminsking av energitap

Estimert kostnad: usikkert per skrivande stund

## Andre kulturygg som har meldt inn interesse for opprusting i kommande periode

### DØNNHEIM BEDEHUS

Vi har ikkje fått konkret varsling enda, men meiner det er viktig at kulturygg ligg i planen slik at dei kan prioriterast inn i si spelemiddelordning som er ei parallel ordning til idrettsanlegg.

### SURNADAL KULTURHUS

Her vil det i den neste 4 års perioden vere behov for tiltak både på bygning og kulturareal, noko av dette kjem inn under denne ordninga.



## Anleggsituasjonen i Møre og Romsdal oppsummert




- Kommuner med høy andel av anlegg for egenorganisert aktivitet har også størst andel av anleggstyper rettet mot tur og friluft
- I de aller fleste kommuner er det friluft/tur og små nærmiljøanlegg som står for mesteparten av anleggene
- I Molde, Kristiansund og Ålesund er det forholdsvis mange barn og unge per nærmiljøanlegg
- I kategorien «nærmiljøanlegg» er det flest friluftsleisanlegg og små utendørsanlegg (ballbinger, balløkker, og utendørsareal egnet for ballspill) i samtlige av fylkets kommuner

## 5.2 Demografi

Med eit folketal på i underkant av 6 000 innbyggjarar er Surnadal ein middels stor kommune i Norge. Folketalet var på sitt høgaste i 1988 med 6 514 innbyggjarar. Frå 1994 har folketalet gått jamt nedover, og nedgangen har vore størst i bygdene utanfor sentrum. Dei siste åra har folketalet stabilisert seg, men prognosane viser ein nedgang i folketalet i åra som kjem.

Siste kvartal i 2022 hadde Surnadal ei befolkning på 5 875, tal rapportert frå Norges idrettsforbund viser at i Surnadal er det 2 972 medlemmer fordelt på dei 14 lokale laga i deira system.



Surnadal er kjent i Møre og Romsdal for å ha høge medlemstal og høg idrettsdeltaking, det stemmer framleis ser vi på oversikta til Idrettsforbundet.

Om lag halvparten av hyttene i kommunen har eigalar utanfor kommunen. I tillegg er det ein del bustader som blir brukar som fritidshus. Brukarane av desse eigedomane utgjer ei viktig brukargruppe for anlegga og friluftsområda våre.

## 5.3 Aktivitetsarenaer

Anleggsituasjonen i Surnadal er samanfallande med oppsummeringa av anleggsituasjonen i resten av fylket. Det er mange aktivitetsarenaer i alle kommunen sine skulekretsar.

Tiljengeleheit til arenaer i nærmiljøet har påverknad på aktivitetsnivået. For å bidra med auka aktivitet er det behov for trygge åtkomstar og samanhengande gangforbindelsar som gjer alternativa til bil meir attraktive.

Dekningsgraden for store idrettsanlegg per innbyggjar i Surnadal kommune er god, men det er ønske om enkelte særanlegg, slik som kunstisflate og fotballhall. Det kan òg vere interessant å sjå på om ein skal byggje meir anlegg for fri aktivitet, treningsløyper med Tufteapparat og eller Parkourløyper.

Det er god folkehelse i kvar tursti, dette er dei anlegga som blir mest brukta av vaksne og eldre. Det er fokus på at alle skal kome seg ut på tur nær der dei bur. Studiar viser at fleire tar del i friluftslivet når ein har kort avstand til tilgjengelig natur- og rekreasjonsområder, og helst under 500 meter frå bustad. Dette kan vere tilgang til skog-, fjell- og kystområder. Små naturområder, som leike- og rekreasjonsareal innan 200 meters avstand, er spesielt viktige for barn og eldre som gjerne oppheld seg nær heimen.

Tilrettelegging av friluftsliv nær sentrum har god effekt på folkehelse og positiv verkand på klima og miljø. Det er ein miljøgevinst at det er gangavstand til turområde, samstundes må vi legge til rette for friluftsaktiviteter på ein mest muleg skånsam måte for naturen mangfaldet der. Av og til vil tilrettelegging kollidere med naturvern. I slike tilfelle må ein konsekvensvurdere tiltaket, noko som naturleg vil ligge til behandling av byggesak (i dei tilfelle tiltak krev ei slik behandling), men det er nok fornuftig at miljøkonsulenten blir teke med tidleg i prosessane slik at ein kan finne alternative løysingar. Det er òg viktig med gode turvegar på vinterstid, noko statistikken til Stikk UT! vinter viser.

Friluftslivet er blitt meir mangfaldig og omfattar alt frå det tradisjonelle friluftslivet til det moderne og ekstreme friluftslivet. Alt frå tilrettelagte turstiar for alle, til «Skyrun» og «Randonee» aktivitetar.

## 5.4 Langsiktige og kortsiktige behov oppsummert

Med tanke på barn og unge sin aksjonsradius er det viktig å få på plass aktivitetsarenaer i nærmiljøa, ein bør sjå vidare enn berre ballbingar og gapahukar. Parkour-anlegg, disk golf, skateing og andre aktivitetar er noko vi bør legge til rette for i nærmiljøanlegga.

Alpinanlegget og skileik på Nordmarka er òg viktige lågterskeltilbod som kjem barn og unge til gode. Sykkelstiar ser ut til å vere av interesse, både små BMX løyper, men òg lengre stiar for eldre ungdom og vaksne.

Framleis slit vi med gamle bygg og anlegg, både idrettsbygg, skyteanlegg og forsamlingshus, noko som ein ser på dei innmeldte behova.

Det er behov for plan for Friluftslivets ferdsselsårer.

## 6 Handlingsprogram

### 6.1 Ordinære anlegg i prioritert rekkefølge

Prioritet	Anlegg/ tilrettelegging	Stad	Kostn. i 1000 kr	Anleggsstart – finansiering							
				2023				2024			
				Km	Sm	Km	Sm	Km	Sm	Km	Sm
1	Fotballhall (Surnadal IL)	Syltøræn/ N. Surnadal	42 000	7 5000	2 000			2 000		2 000	
2	Stang- og felthurtiganlegg (Surnadal skytterlag)	Angråmyra/Eidet	694					230			
3	Sanitæranlegg (1) Surnadal kommune	Kavlvegen kultursti Åsen									
4	Rehabilitering av baneområde og bygningsmasse (Trollheimen ride- og kjørelag)	Nymoen									
5	Ishockeyhall (Surnadal Ishockeyklubb)	Øye	13 600							3 000	
6	Utviding av snøproduksjonsanlegget (Surnadal alpineigedom)	Seterlia/N. Surnadal	1 400					372			
7	Oppgradering Idrettshall (Surnadal kommune)	Øye	15 400					7 600			
8	Varmestue (Surnadal alpineigedom)	Seterlia/N. Surnadal									
9	Nye traséar (Surnadal alpineigedom)	Seterlia/N. Surnadal									
10	Sykkelprosjekt (Surnadal alpineigedom)	Seterlia/N. Surnadal									
11	Tursti Surna (Surnadal kommune)	Grimsmo/Øye									
12	Klubbhus (Surnadal Motocrossklubb)	Mo/kvanne									
13	Sanitæranlegg Tjønnmyra (Todalen IL)	Todalen									
15	Elektronikk skytebane (Øvre Surnadal skytterlag)	Øvre Surnadal									
16	Skatepark/Aktivitetspark (Surnadal kommune)	Svartvatnet									
17	Oppgradering av Angråmyra skyteanlegg (Surnadal skyttarlag)	Angråmyra/Eidet									
18	Skiver til 50m utandørsbane (Surnadal skyttarlag)	Angråmyra/Eidet									
19	Sykkelstiprosjekt (Surnadal kommune m.fl.)	Rundt om i kommunen									
20	Tursti frå Byggefeltet til Kavlvegen Surnadal kommune	Grytåfeltet - Eidet									

Ein gjer merksam på at denne tabellen ikkje fungerer som vedteke tildeling – kvart spelemiddel-prosjekt må søkje kommunen om tilskot i eiga sak.

## 6.2 Nærmiljøanlegg

Kven	Nærmiljøanlegg
Surnadal IL	Nordmarka skisenter; Skileikanlegg og Langrennscross (4 søknader)
Todalen IL	Oppgadering/vedlikehold Borholmen
Bæverhall	Gapahuk, ball/leikeplass

## 6.3 Uproritert liste over langsiktige behov for anlegg

Kven	Kva
Surnadal kommune mfl.	Rehabilitering av idrettsanlegg ved oppnådd alder, som til dømes: Oppgradering/rehabilitering av idrettsbygg, nytt toppdekke til løpebanen på Øye stadion med vidare.
Surnadal kommune/Surnadal IL	Delanlegg friidrett; kastfelt – Kule, diskos og slegge
IL Søya	Renovere/innvendig oppussing klubbhuset på Vang
Surnadal kommune	Rehabsti Bårdshaugen
Øvre Surnadal IL	Bru og tursti
Surnadal kommune/lag og organisasjonar	Friluftsliv i Surnadal: Skilting/merking Universalt utforma fiskeplassar Andre aktuelle turstiar Sanitæranlegg knytt til friluftslivanlegg
Surnadal kommune mfl.	Padeltennisanlegg
Surnadal kommune	Stikk innom – dagstur- hytte/gapahuk
Surnadal kommune mfl.	Rehabilitering av anlegg ved oppnådd alder
Surnadal JFF	Rehabilitering av klubbhus

## 6.4 Fysisk aktivitet

Område	Strategi/tiltak
Barn og unge	Etablere fleire sosiale møteplassar for samvær og uorganiserte aktivitetar for barn og unge. Eksempel: Skøyteis Snøskutertrase Ballspelplassar/ volleyballbanar Skaterampar Sette inn tiltak for at ungdom skal oppretthalde sin eigen aktivitet Sette inn førebyggande tiltak for å hindre fråfall frå organisert fritidsaktivitet
Friluftsliv	Opprette ordning med «stifadrar» Utvikle Stikk UT! vidare i samarbeid med friluftsrådet og frivillige. Utvikle friluftslivet som ikkje blir omfatta av Stikk UT!, m.a. merke kulturstiar og noko meir krevjande turar. Betre parkeringsforholda ved enkelte friluftsområder Få merka/etablert ein sti som knyter sentrum i Surnadal opp mot stinettet i Trollheimen
Helse	Surnadal kommune skal arbeide med å tilrettelege for eit godt psykososialt leike- og læringsmiljø på alle arenaer.

Idrett	Vedlikehalde og driftede gode areanaer for idrettsaktivitet Legge til rette areal for utvikling av idretts- og kulturanlegg
--------	--

## 6.5 Kulturbrygg

Kulturbrygg	Kvar	Kva	Når
Bondevhuset	Stangvik	Rehabilitering	2023 ->
Surnadal kulturhus	Skei	Rehabilitering	2024 - 2027
Dønnem bedehus	Øvre Surnadal		
Myrvang forsamlingshus	Kvanne		
Surnadal husflidslag	Nymoen	Rehabilitering	2023
Sagatun	Øvre Surnadal		
Todalen sanitethus	Todalen		
Ungdomshuset	Todalen		
Bæverhall	Bøverdalen		
Bøfjorden grendehus	Bøfjorden		